



## Innkalling for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 15.03.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
013/2018	Høyring - endringar for omdelingsfrekvens av post
014/2018	Retningslinjer for prioritering ved utleige av Radøyhallen
015/2018	Klinikkstrukturplan tannhelse - Manger tannklinikk - uttale
016/2018	Kommunal garanti Aufera AS - oppgradering av anlegg
017/2018	Organisering av Frivilligsentralen
018/2018	Innføring av lærarnorm hausten 2018
019/2018	Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017
020/2018	Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - politisk innspel til planarbeidet og avgjerd om å hente inn tilbud på strandsoneanalyse og geologisk undersøking
021/2018	Bil til Radøy brannvern
022/2018	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

8. mars 2018

Jon Askeland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
utvaldssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/265	18/3029

### Høyring - endringar for omdelingsfrekvens av post

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Samferdselsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om å endra omdelings-frekvensen for post.

Som følgje av store endringar i postmarknaden meiner Samferdselsdepartementet at det er nødvendig å vurdere alternative løysingar for leveringspliktige posttenester i framtida. Departementet meiner det no er kome til eit punkt der kostnadane knytt til dagens servicenivå blir så høge at krava til dei leveringspliktige posttenestene må reduserast. Departementet gjer difor framlegg om å redusere kravet til omdeling av postsendingar frå 5 dagar i veka til omdeling annan kvar dag.

Forslaget inneber at omdeling av post skal skje i ein to veker-syklus – måndag, onsdag og fredag ei veke – tysdag og torsdag den neste.

Samferdselsdepartementet har sendt endringar i postomberinga ut på høyring.

Formannskapet hadde høyringa som meldingssak i møtet 25. januar. Formannskapet oppmoda eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne om å koma med innspel før saka blir handsama i formannskapet.

Radøy eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne drøfta saka i fellesmøte 15. februar.

Dei to råda kjem med følgjande felles uttale til høyring om endring i postomberings-frekvensen:  
*Råda vil i første omgang peika på at ein har forståing for at det er økonomisk ulønsamt å halda fram med postombering 5 dagar i veka med bakgrunn i den stadig aukande digitaliseringa. Likevel ser me det som naudsynt at det i enkelte område og for utsette grupper er naudsynt med kompensasjon for reduksjon i tilbodet. Dette gjeld spesielt menneske med nedsett funksjonsevne og mange eldre. I Samferdselsdepartementet sin uttale kjem det fram at ei gruppe på maksimalt 30.000-35.000 personar vil verta råka. I denne gruppa er det eldre og rørslehemma som vert nemnd.*

*Råda vil peika på at det ikkje utelukkande er personar med rørslehemming og alderdom som vert råka. Det er fleire grunnar til at personar kan ha nedsett funksjonsevne, og me ber om at ein ser på desse tala på nytt.*

*I følgje rapporten «Dekningsanalysen 2017» som det vert referert til, har 99,98 % av alle husstandar i Noreg eit tilbod om breidband med minimum 4 Mbit/s nedstraums hastigheit. Dei resterande husstandane som manglar tilbodet vil vera færre enn 1000 i følgje denne rapporten. Råda meiner at dette ikkje gjenspeglar reell dekning, då informasjon om dekning berre er rettleiande og ikkje vil vera nokon garanti for at det faktisk er dekning enkelte stader. Teoretiske berekningar om dekningsgrad seier ikkje noko om dei faktiske forhold, og råda meiner difor at mengd husstandar som ikkje har reell nett-tilgang er større enn det som vert rapportert. Dette vil etter vår meining ramma fleire.*

*Det vert oppfatta slik at det uansett ikkje vil vera gjennomførbart med dagens postombering. Råda stiller seg difor bak forslaget om ombering annankvar dag. Me meiner at det ikkje vil vere tenleg å berre levera post ein dag i veka.*

*Me ser ikkje at Posten kan koma utanom kompensierende tiltak til sårbare grupper ved innføring av redusert tilbod. Sjølv om ein oppfordrar til leige av postboks, vil det til dømes for mange vera vanskeleg å koma seg til postboksen, spesielt i distrikta. Me stiller oss og undrande til at ein refererer til betalingsvilje dersom sendinga er viktig nok. Dette vil nok vera gjeldande for ressurssterke personar, medan det for ressursvake vil ha motsett effekt.*

Saka vert lagt fram til drøfting og mogleg uttale.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt utan tilråding

#### **Vedlegg:**

Høyring om endringar for omdelingsfrekvens av post (157069)

høyringsnotat Posten - færre leveringsdagar (157070)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	17/2109	18/2655

## Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøyhallen er eit mykje brukt idrettsanlegg med mange leigetakarar. Det er difor bruk for betre, skriftlege retningsliner for prioritering ved utleige, slik at tildeling av leigetid skal vera lettast mogleg å administrera samstundes som leigetakarane får meir føreseielege rammer.

Ei arbeidsgruppe med leiar for kultur- og sørvistorget, rådgjevar kultur, ungdomskoordinator, driftsansvarleg i Radøyhallen og leiar i idrettsrådet har laga utkast til retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen. Utkastet vart sendt på høyring til eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, idrettsrådet, musikkrådet, lag og organisasjonar og kunngjort på nettsider, facebook og i lokalavisene med høyringsfrist 25. januar. Utkast til retningslinene vart også presentert på informasjonsmøte for lag og organisasjonar. Innspela er vurderte og arbeidsgruppa har gjort ein del justeringar basert på desse. Endeleg utkast til retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen vert med dette lagt fram til politisk vedtak.

#### Vurdering

Radøyhallen består av idrettshall, 25-meters basseng, terapibasseng og skytebane. I tilknytning til idrettshallen ligg også Ungdomens hus med kjøkken og sosialt rom. Utkast til retningsliner omfattar alle anlegga med unntak av skytebana, som vert disponert av Radøy skyttarlag, og Ungdomens hus, som vert disponert av Radøy ungdomsklubb.

Radøyhallen er eit idrettsanlegg som er bygd med statlege spelemidlar. Dette legg føringar for korleis leigetida skal disponerast. *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2017* seier at born (6-12 år) og ungdom (13-19 år) er den viktigaste målgruppa for spelemidlar. I tillegg ynskjer staten at ein legg til rette for at menneske med nedsett funksjonsevne skal kunna delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ynskje og føresetnader. Det er eit krav til anlegg som spelemidlar at anleggseigar held anlegget ope for «*allmenn idrettslig virksomhet i 30 år fra ferdigstilling av anlegget*». Det er eit «*grunnleggjende prinsipp at spillemidler ikke skal omdannes til fortjeneste for*

*private, fortjenestebaserte aktører.» Føresegnene seier vidare at:*

*«Fra denne hovedregel gjelder følgende unntak:*

- Anleggseier kan fritt disponere over de deler av et idrettsanlegg som ikke har mottatt spillemidler.*
- Anlegget kan leies/lånes ut for en kortere periode eller for avvikling av enkeltarrangementer av kortere varighet.*
- Anlegget kan leies/lånes ut til private aktører som ikke er fortjenestebaserte. Se likevel begrensningene som følger av pkt. 2.3.1.*
- Anlegget kan leies/lånes ut til private, fortjenestebaserte barnehager, dvs. at disse barnehagene kan gis tilgang til å benytte anleggets aktivitetsområder. Det er et vilkår at barnehagene kun får benytte anlegget til tider når det ikke kommer i konflikt med idrettens og den egenorganiserte aktivitetens behov for tilgang til anlegget.»*

Radøyhallen er 30 år i år, men då anlegget har fått spelemidler til rehabilitering, gjeld føresegnene for spelemidler framleis. Utkast til retningslinjer for prioritering av leigetid i Radøyhallen tar utgangspunkt i behovet for betre og meir føreseielege retningslinjer og byggjer på *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2017*

Utkastet til retningslinjer er bygd opp på den måten at det er eitt sett med kriterium for prioritering av fordeling av tid i idrettshallen og 25-metersbassenget og eitt sett kriterium for prioritering av tid i terapibasseng. Retningslinjene seier korleis ein skal administrera leigetid til arrangement og aktivitetar på tidspunkt anlegga er ledige, korleis ein skal ta omsyn til store, årlege arrangement som krev større føreseielegheit enn seks månader og korleis ein skal handtera spørsmål om utleige på tidspunkt der hallen er utleigd.

### **Innspel i høyringsrunden**

Ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne har fått saka til uttale, og hadde ingen merknader.

Konrad Risnes spør om ikkje 17. mai-arrangementet bør ha prioritet. Dette er no tatt inn i retningslinjene.

Kenneth Taule Murberg har fleire merknader til retningslinjene. Desse gjeld tildelingsperiode, kven som tildeler tid, rangeringsordning, 17. mai og utstillingar av dyr eller andre potensielt helseutfordrande aktivitetar.

Murberg meiner at tildelingsperioden bør følgja kalenderår og ikkje skuleåret av omsyn til idretten. Fordeling av leigetider som følgjer skuleåret, frå august og eit år fram i tid, har vore ein praksis som har vore brukt i fleire år og som har fungert bra. Det vert fakturert for leige kvart halvår og med tanke på budsjett og rekneskap fungerer det godt. Idrettsrådet har vore med i prosessen med å laga retningslinjer og har ingen merknader til at perioden bør endrast.

Murberg har også stilt spørsmål om kven som treng å vera involverte i fordeling av tid. Grappa som fordeler leigetid er sett saman av representant frå Idrettsrådet, frå kultur- og sørvistorget og ungdomskoordinator. Kultur- og sørvistorget har den daglege oppfølginga og administreringa av utleige av Radøyhallen og er ein nødvendig ressurs inn i dette. Ungdomskoordinatoren har ein del store arrangement gjennom året og har særleg kontakt med brukarar når det gjeld dei større

arrangementa som er i hallen. Idrettsrådet koordinerer kontakten mellom lag og organisasjonar og kultur-og sørvistorget.

Murberg sitt innspel om at idrettshallen ikkje skal leigast ut til dyreutstillingar og andre arrangement som medfører store ulemper for andre brukarar av hallen, er tatt inn i retningslinene.

I framlegget til retningsliner som var lagt ut på høyring var idrettslege aktivitetar i regi av Radøy kommune og av lag og organisasjonar i Radøy kommune likestilt i prioritering for leige av idrettshallen. Radøy kommune har stort sett aktivitetar i regi av skule eller barnehage på dagtid og det er sjeldan kollisjonar med andre arrangement i idrettshallen. I endeleg framlegg til retningsliner er dette endra og det er lag og organisasjonar som er prioriterte. Når det gjeld prioritering av leigetid i terapibassenget står lag og organisasjonar og Radøy kommune likestilte.

### **Konklusjon**

Rådmannen legg fram utkast til retningsliner for prioritering av leigetid i Radøyhallen. Utkastet er justert etter høyringsrunden.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen vert vedtekne slik dei ligg føre.

### **Vedlegg:**

Retningsliner for utleige av Radøyhallen

Innspel - Retningsliner for tildeling av tid i Radøyhallen - merknad

Innspel til retningslinjer ang prioritering ved utleige av Radøyhallen

Tilbakemelding frå ungdomsrådet

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/9	18/3265

### Klinikkstrukturplan tannhelse - Manger tannklinikk - uttale

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I kommunestyremøtet 15. februar i år informerte ordførar Jon Askeland om at fylkestannlegen i møte (13/2) med Radøy kommune orienterte om at han ønskjer å leggja ned den offentlege tannklinikken på Manger. Fylkestannlegen fekk på møtet tydeleg melding om at kommunen vil motsetja seg ei nedlegging, og at kommunen meiner at det er for tidleg å ta stilling til dette no. I si orientering til kommunestyret sa ordføraren at det etter kommunen sitt syn er Alver kommune som må vurdere tannklinikkstrukturen, og at det er naturleg å sjå Lindås og Manger tannklinikkar i samanheng.

Dei andre klinikkane som no vert vurdert lagt ned er Ulvik, Lofthus, Rosendal og Langevåg. Manger er einaste klinikken med full drift fem dagar i veka, og er difor i ei særstilling sett i forhold til dei andre klinikkane som no vert vurdert nedlagt.

Fylkestannlegen trekte i møtet med kommunen fram at det må byggast ny klinikk dersom Manger-klinikken skal halda fram.

Ordføraren sa at formannskapet vil leggja fram ei sak for kommunestyret til neste møte.

Fylkestinget i Hordaland vedtok 8. mars 2016 ein tannklinikk-plan for Hordaland fram til 2030. I Nordhordland vart tannklinikane i Fedje, Masfjorden, Modalen og Granvin lagde ned frå 2016, og Frekhaug tannklinikk blir lagt ned og overført til ny klinikk i Helsehuset Nordhordland i Knarvik når det står klart.

Vedtaket i fylkestinget inneber også at Austrheim – som i dag ikkje har tannklinikk, skal få ny klinikk når nybygg til Austrheim vidaregåande skule blir bygd. Fylkestinget vedtok at Lindås tannklinikk då blir flytta til dette nybygget

Tannklinikken på Manger vart berga frå nedlegging. Men fylkestinget sitt vedtak inneber at for ein del klinikkar vil det bli gjort ny vurdering når ny kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart.

Radøy kommune er positiv til at tannhelsetenesta i regionen vil få ein moderne og sterk fagleg klinikk i Knarvik. Rådmannen meiner denne klinikken må spela på lag med – og ha god fagleg dialog og kommunikasjon med dei mindre klinikkane i regionen. Den vil vera eit fagleg kunnskapssenter for

alle, slik at me samla sett får eit framtidsetta og godt fagleg tannhelse-tilbod i Nordhordland – både for pasientar og fagpersonell.

Ei nedlegging av tannklinikken på Manger vil føra til at barn og unge, og andre pasientgrupper med rett til oppsøkande og regelmessig tilbod på tannhelsetenester, blir borte heile dagar frå t.d. skule, og mange foreldre må ta seg fri frå arbeid store delar av dagen. Rådmannen vil også peika på at nedlegging av Manger-klinikken vil resultera i mykje bilbruk, som ikkje vil vera i samsvar med fylkeskommunen sin eigen miljøplan.

Rådmannen meiner det er for tidleg å ta opp spørsmålet om framtida til tannklinikken på Manger. Endring i tannklinik-strukturen bør først vurderast i Alver kommune.

Rådmannen legg saka fram til drøfting og vedtak.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

**Vedlegg:**

Tannlege-struktur endringar

Tannhelsetenesta \_ klinikstrukturplan 2015-2030

Kartlegging av kommunar som ønskjer å delta i prøveordning med å overta ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	18/490	18/3565

### Kommunal garanti Aufera AS - oppgradering av anlegg

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Det ligg føre søknad frå Aufera AS om kommunal garanti for lån NOK 3.500.000 i Kommunalbanken. I søknaden vert det vist til garanti på NOK 3.500.000,- gitt av kommunestyret i sak 043/2017 til kjøp og oppgradering av Manger fiskeindustri AS sine lokale på Manger kai. Den nye søknaden gjeld kostnader til oppgradering av anlegget, som har vorte langt høgare enn tenkt.

Aufera AS har henta inn pristilbod på tømrararbeid, betongarbeid, golvlegging, målararbeid, heis, elektroarbeid, røyrlegging og ventilasjon, til saman kr 4.268.361, iht garantisum runda opp til 4,5 mill. I førre søknad var kostnadene ved oppgradering estimert til ca 1 mill.

Det går fram av søknaden at denne oppgraderinga vil gje Aufera tenlege lokale i åra framover, samstundes som bygningsmessige krav m.v. vert oppfylte. Lokala er større enn det Aufera treng i dag, og «ein ser for seg» at selskapet kan få inntekt av å leiga ut noko av lokala.

Aufera opplever auka etterspurnad etter tilrettelagde arbeidsplassar, og har no venteliste for slike plassar. Dersom eigarkommunane inngår avtale om kjøp av tre nye plassar, vil dette gje tilskot frå stat og kommune på knapt kr 600.000 pr år. Denne inntekta vil åleine fullt ut dekkja auka rente- og avdragskostnader, sjølv med ei dobling av noverande rentenivå.

Av søknaden går det også fram at Aufera har vore i dialog med eigarkommunane, dvs ordførarane i dei tre kommunane, om denne saka, og at dei har uttrykt eit klårt ønskje om å ha ei sterk vekstbedrift i denne delen av regionen.

#### Vurdering:

Garantien gitt i sak 043/17 er ikkje sett i kraft, då det førebels ikkje er signert nokon avtale. Realiteten i saka er at Aufera AS er tilbode overtaking av aksjane i Manger fiskeindustri AS, som eig

gnr 44 bnr 8, der den aktuelle bygninga er oppført. Rådmannen ønskjer ikkje å gå for langt inn på prinsippet kring overtaking av eit anna selskap, men vil peika på at ei slik overtaking av aksjar vil føra med seg fleire økonomiske og juridiske utfordringar samanlikna med kjøp av sjølve bygget. Selskapet må i den samanheng få vurdert dei ulike problemstillingane knytt til eventuelt kjøp av aksjar. Selskapet sin revisor, Helge Frosta, kan bistå Aufera i prosessen.

Det er ikkje framlagt takst på eigedomen, noko rådmannen meiner er uheldig i høve til risikovurderinga.

Rådmannen er sterkt i tvil om det er rett å rå til at det vert gitt ytterlegare kommunal garanti til Aufera AS. I 2016 vart det gitt garanti for refinansiering av lån i Kommunalbanken på 2 mill. I 2017 vart det gitt ytterlegare garanti for 3,5 mill til kjøp og oppgradering av eigedom på Manger kai. No er det tale om ytterlegare 3,5 mill for oppgradering. Samla garantisum vil då bli 9 mill, og det er ikkje usannsynleg at garantisummen dermed er høgare enn verdien på anlegget.

Bygget vart oppført i 1982, og er såleis ca 35 år gammalt, noko som tilseier at det kan koma på betydelege kostnader til vedlikehald i åra som kjem. Dei reine driftskostnadene ved bygget, som straum, vass- og avløpsgebyr, forsikring, drift og vedlikehald av heis, og anna teknisk utstyr vil også bli monaleg høgare enn driftskostnadene Aufera har i noverande anlegg.

Dei økonomiske vurderingar i søknaden er i hovudsak knytt til inntekter frå fleire tiltaksplassar, og dei tilskota selskapet vil få frå NAV. Tilskot frå NAV løyser også ut lovpålagt kommunalt tilskot med 25% av det statlege. Med tre nye plassar vert årleg inntekt kr 595.368,- med dagens satsar. Det er ikkje vurdert om NAV faktisk vil gje tilskot til nye plassar, men auka etterspørsel etter tilrettelagt arbeid bør vera ein god indikator.

Realiteten kring mogeleg inntekt ved utleige av ledige areal er også svært usikker.

Det er ikkje lagt fram budsjett for drifta i nye lokale, men rådmannen vurderer at dette først og fremst er ei sak for styret i Aufera AS. Styret handsamar sak om overtaking i styremøte 7. mars 2018, og vedtak frå styret ligg såleis ikkje føre når denne saka vert skriven. Rådmannen legg likevel til grunn at styret vil rå til overtaking, og ber om at kopi av styrevedtak vert sendt Radøy kommune før garantisaka vert handsama av formannskapet.

Rådmannen ser det som positivt at flytting til eit større anlegg gjer det mogeleg å gje tilbod til fleire personar som har trong for tilrettelagt arbeid.

Rådmannen er sterkt i tvil om Aufera AS har tilstrekkelege økonomiske ressursar til å overta og drifta eit nytt anlegg. Det er klår risiko for at auka drifts- og kapitalkostnader kan tvinga selskapet til å be om ytterlegare garantiar eller driftstilskot i framtida, eller at garantikrav vert fremja mot kommunen.

Samstundes ser rådmannen at det er gitt klare signal frå ordførarane i eigarkommunane om at det er ønskjeleg å ha ei sterk vekstbedrift i denne delen av regionen, og at eit større anlegg vil kunna bidra til dette. Rådmannen legg også til grunn at det politisk valde styret i selskapet også er positive til overtakinga.

Rådmannen vurderer såleis dei politiske føringane som sterke nok til å kunna rå til følgjande:

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldnerggaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek

opp til oppgradering av eigedom på Manger kai.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 25 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Det er vidare ein føresetnad at Radøy kommune får tinglyst pantobligasjon NOK 9.000.000 i eigedomen gnr 44 bnr 8 i Radøy kommune som sikkerheit for garantien.

Overtakinga av anlegget skal gjerast på ein måte som sikrar Aufera AS full råderett over eigedomen gnr 44 bnr 8, utan at Aufera overtek noko ansvar for økonomiske tilhøve som skriv seg frå tidlegare eigar.

Det er ein føresetnad at avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for moglege konstaterte tap som følgje av garantien vert utvida til 9 mill.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune garanterer med sjølvskuldninggaranti for lån i Kommunalbanken som Aufera AS tek opp til oppgradering av eigedom på Manger kai.

Garantien gjeld for hovudstolen på lånet, maksimalt NOK 3.500.000, med tillegg på 10% av til ei kvar tid gjeldande hovudstol, til dekking av påkomne renter og kostnader. Kommunen sitt maksimale garantiansvar kan ikkje overstiga NOK 3.850.000.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga av lånet, og opphøyrer etter 25 år, med tillegg av inntil 2 år, jf garantiforskrifta §3.

Det er vidare ein føresetnad at Radøy kommune får tinglyst pantobligasjon NOK 9.000.000 i eigedomen gnr 44 bnr 8 i Radøy kommune som sikkerheit for garantien.

Overtakinga av anlegget skal gjerast på ein måte som sikrar Aufera AS full råderett over eigedomen gnr 44 bnr 8, utan at Aufera overtek noko ansvar for økonomiske tilhøve som skriv seg frå tidlegare eigar.

Det er ein føresetnad at avtale med Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for moglege konstaterte tap som følgje av garantien vert utvida til 9 mill.

Garantivedtaket skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland

**Vedlegg:**

Søknad om kommunal garanti Aufera AS - oppgradering anlegg (L)(161569)

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	15/1043	18/3596

## Organisering av Frivilligsentralen

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Målgruppa for Frivilligsentralen i Radøy er primært den eldre delen av befolkninga. Frivillige, som i stor grad er i aldersgruppa 70+, står for middagskøyring til heimebuande, bidreg med besøkstenester, hjelp til handling og ulike sosiale tiltak både på Velferdssenteret, Frivilligsentralen og på andre arenaer. Dei frivillige oppdraga vert sett stor pris på i Radøy-samfunnet. Frivilligsentralen i Radøy er organisert med eige styre og med årsmøte som øvste organ, og har eigne retningslinjer for sitt arbeid.

I 2017 har det kome politiske signal om at målgruppa for frivilligsentralen sitt arbeid med fordel kan utvidast. Dette kjem m.a. til uttrykk i verbalpunkt til budsjettet: *«(...) ein god dialog med Frivilligsentralen om korleis rekruttera frivillige til arbeid for flyktningar og menneske med særskilde behov.»*

Frå 1. januar 2017 er ansvar for frivilligsentralane overført frå staten til kommunane. Det inneber mellom anna at midlar til frivilligsentralane vert tildelt gjennom rammetilskot og ikkje som øyremerka tilskot, slik som tidlegare. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 047/17: *«Med bakgrunn i at ansvaret for tildeling av midlar til frivilligsentralane er overført til kommunane frå 1.1.2017, ber kommunestyret om at rådmannen legg fram sak om ny organisering, inkl. retningslinjer for Frivilligsentralen i Radøy, til kommunestyremøtet i desember 2017.»*

På denne bakgrunn har rådmannen vore i dialog med dagleg leiar og styreleiar vedkomande gjeldande retningslinjer for Frivilligsentralen, framtidig organisering og tilhøyrande prosess. Som eit ledd i denne prosessen var problemstillinga sak på styremøte i Frivilligsentralen 19.02.18, der ordførar og varaordførar også var invitert.

I referat frå styremøte i Frivilligsentralen 19.02.18, pkt 5 heiter det: *«Det har vore eit ynskje frå politisk hald at retningslinjene må endrast. Ordføraren var usikker på om det var rette tidspunkt å gjera dette no. Det kan verta store endringar når det vert Alver kommune. Ordførar vil ta dette opp*

*med rådmann og kommunalsjef.»*

## **Vurdering**

Rådmannen vurderer Frivilligsentralen som ein viktig institusjon som med fordel kan påta seg andre viktige oppgåver, dersom tilhøva ligg til rette for det. Samfunnet er i stadig utvikling, og rådmannen er samd i at det kan vere føremålstenleg å vurdere både organisering, retningslinjer og målgrupper for Frivilligsentralen sitt arbeid. Retningslinjene er gamle, og bør reviderast. Som for øvrige tenester i kommunen sin regi er det behov for å tilpasse seg samfunnsendringar og nye behov.

Utfordringa er at det er kort tid til etablering av Alver kommune. Rådmannen meiner at spørsmål om organisering bør avvente initiativ frå Alver kommune, slik at ein unngår dobbeltarbeid og at utviklinga skjer i samspel med dei øvrige frivilligsentralane under leiing av Alver kommune. Dagleg leiar har vore i dialog med leiarane i dei øvrige frivilligsentralane, og det er også her semje om at endrings- og utviklingsarbeid bør skje i regi av Alver kommune.

Dette utelukkar ikkje at ein kan oppmode Frivilligsentralen om å kartlegge behov for frivillige tenester/ønske om å bidra som frivillig, etablere uformelt samarbeid med andre aktørar, og inkludere nye målgrupper i sitt frivillige arbeid.

## **Konklusjon**

Rådmannen meiner at endring av organisasjons- og styringsstruktur bør avvente eit initiativ frå Alver kommune, og skje i samspel med dei øvrige Frivilligsentralane.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Arbeid med å endre organisasjons- og styringsstruktur for Frivilligsentralen i Radøy vert utsett og sett i samheng med øvrige prosjekt i Alver kommune.

## **Vedlegg:**

Frivilligsentralen

Retningslinjer frivilligsentralen

Referat st møte 19 02 2018

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	18/458	18/2966

### Innføring av lærarnorm hausten 2018

#### Saksopplysingar:

#### Saksopplysningar:

Som ein del av innføringa av lærarnormen får dette konsekvensar for nokre skular. Det er mange uavklarte sider ved innføringa av lærarnormen, men målet er å gjere kjend for politikarane korleis innføringa av lærarnormen vil påverke drifta på skulane.

#### Bakgrunn

I statsbudsjettet for 2018 vedtok Stortinget å innføra lærarnorm for skulane. Frå hausten 2018 er det eit mål at det skal vere 1 lærar per 16 elevar i 1.-4. trinn og 1 lærar pr 21 elevar i 5.- 10. trinn. Sjå vedlagt informasjonsskriv frå Kunnskapsdepartementet, datert 29.1.2018.

#### Vurdering

Innføringa av lærarnormen frå hausten 2018 vert kompensert til kommunane. Det går fram av informasjonsskrivet at finansieringa til lærarnormen går av midlane som tidlegare har vorte gitt til tidleg innsats. Føremålet med tilskotsordninga «tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn», er å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn. Til dette fekk Radøy kommune 1 264 369.- kr tilvarande 1,7 årsverk med lærar i 2017.

Ut frå tilgjengelege opplysningar er det to skular som følger kriterium for tildeling. Dette er:

Hordabø skule                    1,2 årsverk

Manger skule                    0,1 årsverk

Berekninga er gjort på bakgrunn av elevtal for skuleåret 2017/2018. vi veit at Hordabø er i grensa på nivå for kva tid lærarnormen slår inn. Dersom elevar flyttar frå skulen kan det føre til bortfall av dei ekstra ressursane. For Manger skule sin del ser det ut som det er ein elevtalsauke, noko som

medfører at dei får ein liten ressurs på grunn av lærarnorm, men at bortfallet av tidleg innsatsmidlar for skulen gjev ei negativ ressurstildeling for komande skuleår.

Både Austebygd og Sæbø skule vil mista tidleg innsats-midlane dei har fått. Når Manger skule i tillegg har ein nedgang, får desse tre skulane tildelt 1,2 stilling mindre enn dei har hatt siste skuleår.

Ut frå prinsippet om tidleg innsats er dette uheldig for dei tre skulane. Rådmannen er glad for styrkinga på Hordabø skule, men er uroleg for om innføringa av lærarnormen fell negativt ut for dei fleste elevane i kommunen.

### **Økonomi**

Slik det ser ut i dag fekk kommunen tilført 1 264 369 kr for skuleåret 2017/2018. Innføringa av lærarnormen vil redusere overføringa frå staten til ca 890 000 eller ein ressursnedgang totalt til kommunen på ca 375 000 kr som tilsvarar ca 40-50% stilling.

### **Konklusjon**

Innføringa av lærarnormen fører slik det ser ut i dag til ein auka ressurtilgang på Hordabø skule. Manger Skule vil få ein beskjeden ressurs. Bortfall av tidleg innsatsmidlar fører til at Austebygd-, Sæbø-, og Manger skule får nedgang i ressurstildelinga tilsvarande 1,2 stillingar for neste skuleår.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek innføring av lærarnorm til orientering.

### **Vedlegg:**

180129 Informasjon til kommunene om lærernormen (L)(1275164)



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	14/755	18/2970

## Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Det er fastsett i opplæringslova og privatskulelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte. Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

#### Bakgrunn

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gje grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigaren er komen i å nå måla.

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor

vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Alle data som er presentert i rapporten er henta frå skoleporten.no. Data som er henta her er berre tilgjengeleg på bokmål og vert difor presentert slik.

### Samandrag

Kvalitet i opplæringa kan vere mange faktorar. Noko kan vi telje som karakterar, resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng. Andre kvalitetar kan vi ikkje måle på same måte som elevane si danning og korleis dei har det med seg sjølv. Derfor er det viktig med både teljingar og forteljingar om opplæringa.

I Radøy er det ved årsskiftet i underkant av 600 elevar fordelt på 10. trinn. Det er viktig for eleven, foreldra, kommunen og samfunnet at elevane lærer mest mogeleg, slik at dei kan lukkast vidare i livet. For at skulen skal lukkast med samfunnsoppdraget treng vi at alle støttar skulen i dette arbeidet. Det kan vi gjera gjennom dialog, samarbeid og tydelege forventningar.

Dei siste åra har det vore eit stort fokus på læringsmiljø og mobbing i skulen. Skulane har målretta arbeid med dette og vi ser allereie resultat av det arbeidet. Dette arbeidet er ein viktig grunnstein i læringsarbeidet. Ein elev som vert mobba er ein elev for mykje. Vidare er det viktig at ein ser på tendensane i elevundersøkinga. Det positive er at elevane opplever at lærarane støttar i læringsarbeidet. Det er likevel ein tendens at dei opplever ein svakare motivasjon og læringskultur på ungdomstrinnet enn elevane i resten av landet.

Generelt kan vi sei at for mange elevar lærer for lite i skulen. Det er ein tydeleg tendens at lesekompetansen er eit av dei områda som må arbeidast systematisk med. Det bør vere ei målsetjing at elevane i Radøy-skulen skal vera på nasjonalt snitt i lesing, rekning og engelsk. I dag er det ein del som manglar på det, noko som bør motivere både tilsette og foreldre til å støtte skulen med forventning både til elev, føresatt og skule. For å lukkast må alle aktørane dra i same retning.

Fråfall av elevar frå kommunen i vidaregåande skule har vi statistikk på. Generelt ser vi ein nedgang i elevar som sluttar på Austrheim – og Knarvik vidaregåande skule over dei siste 4 -5 åra.

Dei siste åra har kommunen fått midlar til tidleg innsats. Desse midlane vert brukt til å styrkje begynnaropplæringa frå 1. -4. trinn. Målsetjinga er å løfte elevane til eit nivå innan lesing tidleg og seinare førebyggje spesialundervisning. Kommunen nyttar midlane etter intensjonen og ventar at det vil vise på resultat om nokre år.

Det er eit aukande tal elevar som mottok spesialundervisning i Radøy kommune. Det er viktig at elevar får den hjelpa dei treng samtidig som ein på skulenivå ser etter effektive måtar å hjelpe elevane på, slik at elevane får best mogeleg progresjon i læringsarbeidet. Det vil vere eit mål å redusere talet elevar som mottok spesialundervisning og heller støtta med tilpassa undervisning.

Dei siste åra har eit aukande tal vaksne fått opplæring på vaksenopplæringa. Denne er samlokalisert med dei andre nordhordlandskommunane i Knarvik med Lindås kommune som vertskommune. Etter flyktningbølga i 2016 har dette tilbodet vore brukt godt. Her vert gitt tilbod både som grunnskuleopplæring for vaksne og norsk og samfunnsfag for innvandrarar.

### Elevar og undervisningspersonale

## Skoleporten - Undervisningspersonell

Enhet: Radøy kommune

Radøy kommune, Grunnskole, Undervisningspersonell, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Årsverk for undervisningspersonale	59,9	61,8	57,5	56,2	57,3
Antall elever per årsverk til undervisning	11,9	11,3	12,4	12,7	12,1
Antall assistentårsverk i undervisningen	12	11	10	12	14
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	53,4	55,2	63,7	52,9	43,9
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	19,4	18,3	17,0	21,3	24,6
Lærertetthet 1.-7. trinn	12,7	12,5	13,1	12,8	12,0
Lærertetthet 8.-10. trinn	13,5	12,5	14,7	16,4	16,5
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,3	15,6	17,0	17,4	16,5
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent	98,9	99,4	99,5	96,8	93,3
Lærertimer som gis til undervisning	37 292	39 086	35 782	35 601	36 604
Undervisningstimer totalt per elev	60	63	57	56	59

### Elevtal fordelt på skular

Skoleporten - Radøy kommune -Elevar, lærarar, skolar						
		2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Talet på elevar		622	625	624	634	620
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon		41	40	40	37	39
Talet på lærarar		64	71	70	67	71
	<b>Austebygd skule</b>	<b>Sæbø skule</b>	<b>Hordabø Skule</b>	<b>Manger skule</b>	<b>Radøy ungdomsskule</b>	
Elevtal pr 1.1.18	45	92	99	172	188	

### Vurdering

Det er eit mål for Radøy å ha ein tilfredsstillande lærartettleik, dvs. at det ikkje vert for mange elevar pr lærar. Med gjennomgåande små skular vil dette vera ein naturleg konsekvens at lærartettleiken er god. Samstundes er Radøy ein økonomisk pressa kommune, og vi verken kan eller bør ta mål av oss til å ha ein lærartettleik som er langt større enn fylke/landsnivå. Reduksjonen i lærerårsverk dei seinare åra heng delvis saman med reduksjon i elevtalet, men mest av alt på grunn av vedtekne innsparingsmål for Radøy kommune. Frå og med skuleåret 2014/2015 vart den økonomiske ramma til skulen i Radøy redusert tilsvarende 100 rammetimar i budsjettet, noko som tilsvarer ca fire årsverk undervisningspersonale. Vi ser at Radøy no på grunn av nedskjeringane har lågare lærartettleik enn kommunegruppe 10, Hordaland fylke og nasjonalt nivå på ungdomstrinnet og i ordinær undervisning i grunnskulen. Det er og verd å merke seg at elevtal pr lærar på ungdomstrinnet har auka markant

frå 2013 til 2016. Ei annan årsak til dette er ein markant auke i ressursbruk til elevar med særskilde behov i heile opplæringsløpet.

Stortinget vedtok i budsjettforhandlingane ein «lærarnorm». Det ser ut som denne i liten grad vil gje fleire lærarar i kommunen, medan ein tek bort midlane til tidleg innsats som ein del av finansieringa av lærarnormen.

### Læringsmiljø 7. trinn og 10. trinn

Elevundersøkinga er gjennomført i november og desember 2017. Resultata i elevundersøkinga vert gitt i talindikatorar frå 1 - 5. 1 er lågast verdi og 5 er høgaste verdi. I Skoleporten vert det presentert data frå 7. og 10. trinn. Radøy har bestemt at ein skal henta inn data frå alle trinn mellom 5. og 10. trinn for å få eit breiast mogeleg grunnlag å vurdere data på. Med bakgrunn i dette ser ein at det er liten eller ingen skilnad for Radøy i forhold til samanlikningsgruppene, verken positivt eller negativt. Med andre ord ligg vi om lag på snittet med resten av fylket og landet forøvrig, sjølv om vi ser ein del positive tendensar og variasjonar frå år til år.

### Elevundersøkinga 2017, 7. og 10. trinn

	Radøy ungdomsskule - 10. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 10. trinn (Høst 2017)	Radøy kommune - 7. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 7. trinn (Høst 2017)
Trivsel	4,1	4,1	4,1	4,3
Støtte fra lærer	3,8	4	4,5	4,4
Støtte hjemmefra	4	4,1	4,3	4,4
Vurdering for læring	3	3,3	4	3,9
Læringskultur	3,9	3,8	4,3	4,1
Mestring	4,1	3,9	4	4,1
Motivasjon	3,2	3,5	3,9	3,9
Elevdemokrati og medvirkning	3,3	3,3	4	3,8
Felles regler	4,1	3,9	4,4	4,3
Mobbet av andre elever på skolen	4,8	4,7	4,8	4,7

Fysisk læringsmiljø	3,1	3	3,8	3,5
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	4	3,8	-	-
Praktisk opplæring	2,9	3	-	-
Variert opplæring	3	3,6	-	-
Relevant opplæring	3,2	3,4	-	-
Innsats	3,6	3,9	4,4	4,3

#### Elevundersøkinga 2017 5.-7. og 8.-10. trinn

	Radøy kommune - 5. trinn - 6. trinn - 7. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 5. trinn - 6. trinn - 7. trinn (Høst 2017)	Radøy kommune - 8. trinn - 9. trinn - 10. trinn (Høst 2017)	Nasjonalt - 8. trinn - 9. trinn - 10. trinn (Høst 2017)
Trivsel	4,3	4,3	4,2	4,2
Støtte fra lærer	4,7	4,5	4,1	4,1
Støtte hjemmefra	4,5	4,4	4,1	4,2
Vurdering for læring	4,2	4	3,3	3,5
Læringskultur	4,4	4,1	3,8	3,9

Mestring	4	4	3,9	4
Motivasjon	4	4	3,4	3,6
Elevdemokrati og medvirkning	4,1	3,9	3,6	3,5
Felles regler	4,5	4,3	4,2	4
Mobbet av andre elever på skolen	4,8	4,7	4,8	4,7
Fysisk læringsmiljø	4	3,7	3,4	3,2
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	-	-	4	3,7
Praktisk opplæring	-	-	3,3	3,2
Variert opplæring	-	-	3,5	3,8
Relevant opplæring	-	-	3,6	3,7
Innsats	4,4	4,3	3,8	4

### **Vurdering**

Det er og viktig å hugse på 0,3-regelen om statistisk signifikans. Dette inneber at skilnaden for ein liten kommune som Radøy, med ca 60 elevar pr årstrinn, på dei fleste område må vere rundt 0,3 i den eine eller andre retninga for at det i det heile tatt kan vurderast om ein skil seg frå samanlikningsgruppene, både positivt eller negativt. Med andre ord vil resultat innafør 0,3 i begge retningar bli rekna som "ingen skilnad" statistisk.

Det er likevel nokre tendensar som ein kan trekke fram. For 7. trinn scorar elevane nesten gjennomgåande på landssnittet. Det ser og ut som ein har lukkast med å skape felles reglar og oppfølging som er viktig for at elevane skal oppleve skulevardagen trygg og likeverdig. For 10. trinn på ungdomstrinnet er det verd å merka seg at elevane seier dei har mindre variert opplæring, lågare motivasjon, innsats og scorar vurdering for læring lågare enn snittet for landet. Trinnet melder at dei opplever å meistre og har tydelegare felles reglar enn landssnittet.

Ser ein på data for 5.-7. og 8.-10. trinn er det ingen dramatiske utslag. Det er mange av indikatorane som er positive. Det ser ut som at skulane lukkast med å skape felles reglar, noko som er avgjerande for tryggleik og trivsel for elevane. Elevane på ungdomstrinnet seier at dei opplever god yrkserettleiing, men dei har lågare innsats, motivasjon og at indikatoren vurdering for læring er lågare enn landssnittet. Motivasjon, innsats og læring er tett koplå saman. Vi må difor støtte elevane og arbeide for at dei skal vere motivert for innsats og læring.

### **Andel elevar som har opplevd mobbing**

Det er kjekt å sjå at satsinga på trygge skulemiljø og nulltoleranse for krenkingar ser så langt ut til å lukkast. Indikatoren «mobba av andre elevar på skulen» scorar både 7. og 10. trinn over landssnittet, noko som vil sei mindre mobbing enn i resten av landet. Dette området vil krevje kontinuerleg fokus og ein er aldri i «mål», sjølv med gode resultat. Med ein score på 4,8 på både 8. og 10. trinn er det svært få som rapporterer at dei vert mobba 2 -3 gongar i veka eller oftare. For 10. trinn på Radøy ser vi at resultatet er 8,5 % som svarer at dei vert mobba ein sjeldan gong, noko som er 5,6 % lågare enn landsgjennomsnittet. Arbeidet med trygge og gode læringsmiljø er viktig. Auka fokus på dette vil vere ein viktig føresetnad for vidare læringsarbeid på skulane.

### **Resultat**

Det er viktig når ein studerer data for Radøy, å sjå resultatata opp mot at det er om lag 60 elevar pr årskull som svarer kvart år. Signifikansen til marginale endringar må vegast opp mot dette. I kommunar på denne storleik vil resultat på nasjonale prøvar variere noko med årskulla, då kvar ein skild elev utgjer ein relativt stor prosentdel av sluttresultatet. Kunnskap om dei ein skilde årskulla og elevane vil difor vere avgjerande når ein analyserer resultatata på nasjonale prøvar kvart år. Samtidig er det viktig å sjå tendensen over tid og gjera grundige analysar av resultatet og kva som kan betre opplæringa. I Radøy har den viktigaste analysen til no vore på skulenivå, i forhold til korleis kvar ein skild elev presterer sett opp mot andre vurderingar av eleven sin kompetanse. Frå årskiftet 2018 vil lærarane saman med skuleleiinga, PPT og skuleeigar gjera analysar saman for å finna felles tiltak. Rådmannen er uroleg for at elevane har for langsam læringsprogresjon og vil saman med skulane setje inn målretta tiltak. Det er viktig å påpeike at dette er eit langsiktig arbeid, som ein først ser resultat av etter 2 til 4 år. For rådmannen er det eit mål at elevane har stabile gode resultat, som gjer at elevane frå Radøy har dei same mogelegheitene seinare i livet som elevar frå resten av landet.

### **Nasjonale prøvar 5. trinn**

#### **Skoleporten - Nasjonale prøver 5. trinn**


Enhet: Radøy kommune

Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

<b>Indikator og nøkkeltall</b>	<b>2014-2015</b>	<b>2015-2016</b>	<b>2016-2017</b>	<b>2017-2018</b>
Engelsk	46	48	45	49
Lesing	44	46	46	46
Regning	48	51	46	49


Nasjonalt snitt er på 50 poeng. Eit års utvikling er på 4 poeng.

## Fordeling mestringsnivå – Engelsk




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

## Fordeling mestringsnivå -Lesing



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

## Fordeling mestringsnivå - Rekning



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

## Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk 5. steget

I engelsk har ein og hatt ei fin utvikling dei siste åra, sjølv om det er variasjon i elevgruppene frå år til



år. Vi har 3% fleire elevar på nivå 1, som er lågaste nivå, enn alle referansegruppene, men vi har og færre elevar på nivå 3. Det er likevel ein positiv tendens i engelsk.

I arbeidet med nytt leseopplæringsprogram, har vi fått sjå skular som har greidd å snu utviklinga og få til tydelege betringar. Det nye forskingsbaserte leseopplegget - der ein både har fokus på byrjaropplæringa og vidare foredling av lesedugleik gjennom heile skuleløpet, vil forhåpentlegvis bety ei positiv endring for elevane i Radøy. Det er ein tendens at det er fleire elevar på nivå 2 og 3 i lesing, men framleis er det for mange på nivå 1. Vi ser at resulta siste 3 åra for kommunen er på 46 skalapoeng, noko som er 4 poeng bak nasjonalt snitt. Det vert viktig for kommunen å auke lesekompetansen til elevane mot nasjonalt snitt. Vi veit at lesing er grunnlaget for korleis elevane handterer dei andre faga på skulen.

I rekning har ein hatt ei fin utvikling dei seinare åra. Vi har fleire elevar på meistringsnivå 3, noko som er positivt. Det er likevel for mange på nivå 1. I det vidare arbeidet vert det viktig å løfte så mange som mogeleg frå nivå 1 og opp.


	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
<b>Nasjonale prøvar 8. trinn</b>				
Engelsk	50	48	47	44
Lesing	48	49	47	43
Regning	48	48	48	46

Nasjonalt snitt er på 50 poeng. Eit års utvikling er 4 poeng.

	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
<b>Nasjonale prøvar 9. trinn</b>				
Lesing	52	50	52	51
Regning	51	51	52	51

Dette er same prøven som 8. har. Nasjonalt snitt er på 54 poeng.

#### Fordeling meistringsnivå 8.trinn - Engelsk




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

### **Vurdering**


Utviklinga i engelsk dei siste åra er blanda, med ein tilbakegang inneverande skuleår. Vi har framleis for mange elevar på nivå 1 og 2. Det er ikkje enkelt å hente dette inn att så seint i skuleløpet. På desse nivåa kan ein finne mange elevar som har gått over tid og ikkje meistra.

### **Fordeling mestringsnivå 8. trinn – Lesing**




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

### **Fordeling mestringsnivå 8. trinn – Rekning**



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

### Fordeling av mestringsnivå 9. trinn – Lesing




Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

### Vurdering

I lesing ser vi ein stor tilbakegang på elevane som gruppe. Dei har ein snittskåre på 43 skalapoeng. Mange av elevane er på nivå 1 og 2. Det vert viktig å arbeide systematisk vidare med elevane. Radøy ungdomsskule har sett i gang lesekurs for alle elevane. Ein positiv tendens i forhold til lesing er at elevane på 9. trinn har 4 poengs framgang frå 8. trinn. Denne utviklinga er på nasjonalt nivå. Dette viser at utviklinga vert snudd og elevane har forventa læringsprogresjon i lesing frå 8. til 9. trinn.

### Fordeling mestringsnivå 9. trinn -Rekning



Radøy kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

### Vurdering

I rekning på 8. trinn har ein hatt ei positiv utvikling frå 2014 - 2016. Denne framgangen vert snudd til tilbakegang. Rådmannen vurderer at dette heng saman med elevane sin lesekompetanse. Resultatet i rekning er likevel den beste av dei 3 prøvane på 8. trinn. Her er likevel for mange elevar på dei lågaste nivå.

Framgangen for 9. trinn er på 3 skalapoeng. Dette er litt svakare enn nasjonalt snitt. Talet elevar på nivå 2, 3 og 4 er på nasjonalt snitt. Det er likevel for mange elevar på nivå 1.

### Generelt om prøvane

På ungdomstrinnet ser vi litt varierende resultat dei siste åra. Det er viktig å ha klart for seg at testinga vert utført om hausten i 8. klasse. Arbeidet med å styrkja desse resultata må såleis setjast inn på mellomsteget i barneskulen. Vi ser ein tydeleg tendens at resultata er synkande. Kva som ligg til grunn for resultata er skulane i ferd med å analysere. Arbeidet med elevgruppa på ungdomstrinnet vert viktig. Ser vi resultata opp mot elevundersøkinga i 16/17 har rådmannen merka seg at elevane rapporterer om ein svakare motivasjon, læringskultur og meistring. Dette vert viktige faktorar i det vidare arbeidet på ungdomstrinnet saman med lærarar, elevar og føresette.

Det er viktig at både skule og heim har forventningar til elevane og at ein saman støttar elevane i læringa. Dersom omgivnadane har manglande forventningar vil det vere skadeleg for eleven si læring.

Motivasjonsslitasje kan utgjere eit personleg læringshinder for ein del av desse elevane. God tilrettelegging av læringsopplegget for elevar som slit fagleg, kan vere ein god måte å betre læringsutbyttet på. Føresetnadene er likevel alltid at eleven greier å motivere seg for å gjere den innsatsen som trengs.

### Grunnskulepoeng

Skoleporten - Grunnskulepoeng					
	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Grunnskulepoeng, Nasjonalt	40,1	40,4	40,8	41,2	41,4

Grunnskolepoeng, gjennomsnitt Radøy	39,9	40,0	40,9	41,6	40,5
Grunnskolepoeng jenter Radøy	43,0	42,1	42,1	43,7	43,4
Grunnskolepoeng, jenter nasjonalt	42,1	42,5	43,0	43,4	43,7
Grunnskolepoeng, gutter Radøy	37,5	37,8	39,4	39,3	37,1
Grunnskolepoeng, gutter nasjonalt	38,1	38,5	38,6	39,0	39,2

## Vurdering:

### Karakterar

Det ligg i evalueringa sin natur at ein ikkje får ei lik vurdering frå skule til skule eller landsdel til landsdel. Det er også naturleg at ein finn forskjellar m.o.t. standpunktkarakter og eksamenskarakter i same fag. Dette fordi standpunkt er basert på ein breiare og djupare kunnskap om eleven sin kompetanse enn kva ein "uniformert" eksamen kan avsløre. Dersom forskjellane er store og vedvarande, bør ein stille spørsmål ved vurderingspraksisen. Ein vanleg tendens på landsbasis er at snittkarakterane på standpunkt er høgare enn på eksamen.

### Grunnskulepoeng

Radøy ungdomsskule har laga eit system for vurdering som skal ivareta krava i føresegnene, og syte for ein relevant kvalitet i vurderinga. Dette er viktig for å bidra til at alle som deltar i læringsarbeidet, skal ha mest mogeleg lik forståing av kva kompetansevurdering er - og kva krav føresegnene set til slik vurdering.

Vi skal vere obs. på at grunnskulepoenga er rekna ut på gjennomsnittet av standpunkt x 10. Dersom det skulle vere relevant å samanlikne desse poenga, burde ein vere trygg på at det er ein lik vurderingskultur på alle skular og kommunar. Det er det ikkje - og då kan ein sjølvstilt stille spørsmål ved nytten av slik direkte samanlikning. Det kan likevel vere av ein viss verdi å sjå seg sjølv opp mot andre relevante kommunar, i forhold til om ein har store avvik den eine eller den andre vegen. Store avvik kan vere eit teikn på at ein må sjå på og evaluere eigen vurderingspraksis.

Sett over tid ligg Radøy ganske så stabilt når det gjeld grunnskulepoeng. Utviklinga frå 2011-2017 viser ein gradvis auke for Radøy-elevane, sjølv om det er ein liten tilbakegang våren -17. Jentene presterer som jentene nasjonalt, medan det er gutane som presterer dårleg og trekker ned snittet. Resultatet varierer frå år til år, men vi ser eit lågare resultat på grunnskulepoeng for elevane som gjekk ut våren -17. Rådmannen er uroleg for det store gapet i grunnskulepoeng mellom gutar og jenter. Dette startar tidleg i opplæringsløpet og ein må finna tiltak som kompenserer mot dette.

## Målsetjingar for det vidare arbeidet

2. februar 2018 var nesten alle lærarane i Radøy kommune samla for saman å analysere utviklinga på læringsresultat. Etter møtet kom ein fram til desse målsetjingane:

- 5. trinn skal i 2020 ha mål om 50 poeng på nasjonale prøvar.
- Utvikling på nasjonale prøvar frå 5. til 8. trinn skal følgje nasjonalt snitt.
- Utvikling på nasjonale prøvar frå 8. til 9. trinn skal vere på 4 poeng.
- Ein skal innan 2022 løfte resultatet på grunnskulepoeng for gutane til 40 poeng i snitt.

Rådmannen har sett ned ei gruppe for å finne målretta tiltak for å nå målsetjingane.

## Gjennomføring vidaregåande opplæring

### Fordeling av fullført og bestått, prosent

	Fullført og bestått (B)	Fullført og ikke bestått (I)	Mangler grunnlag (M)	Alternativ opplæringsplan (A)	Holder på med utdanningen (H)	Sluttet (S)	Annet/ukjent (X, K, L)
Studieforberedende utdanningsprogram	90,6% (29)	6,3% (2)	3,1% (1)	0,0%	0,0%	0,0%	0,0%
Yrkesfaglige utdanningsprogram	75,0% (36)	8,3% (4)	2,1% (1)	2,1% (1)	2,1% (1)	10,4% (5)	0,0%
Total, 2016-17	81,3% (65)	7,5% (6)	2,5% (2)	1,3% (1)	1,3% (1)	6,3% (5)	0,0%

Indikatoren viser til elevar som har fullført og bestått Vg1 skuleåret 2016/17. Elevar som har slutta før 1.10 er ikkje med i oversikta. For elevar som har bytta skule / utdanningsprogram / klasse internt i fylke gjeld siste registrering.

### Vurdering

Statistikken over kor mange elevar som sluttar på dei to vidaregåande skulane i vårt lokalmiljø viser med unntak av 2015/2016 at talet på dei som sluttar i skulen er synkande. Dette er ein god tendens. I 2016/2017 var det 5 elevar frå Radøy som sluttar på vidaregåande skule, alle på yrkesfagleg utdanningsprogram. Vi veit lite om grunnen til dette, men dei fleste startar opp att på ny skule året etter.

Sett frå eit overordna samfunnsperspektiv, vil kanskje graden av gjennomføring av vidaregåande utdanning, vere den viktigaste kvalitetsindikatoren å måle Radøy-skulen opp mot.

Gjennomføringsgraden på studiespesialiserande er høg. Vi ser at på yrkesfaglege program er det elevar som sluttar og gjennomføringsgraden er lågare. Denne elevgruppa må ein ha fokus på vidare, slik at ein aukar gjennomføringa.

### Tidleg innsats

Føremålet med tilskotsordninga «tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4. trinn», er å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken på 1.-4. trinn. Til dette fekk Radøy kommune 1 264 369.- kr i 2017. Midlane er brukt etter intensjonen. Resultatet av desse midlane vil ein sjå resultatet av etter nokre år. Ein veit at dersom ein kan setje inn tiltak tidleg på elevar som er lesesvake, vil dei ha effekt av dette seinare i opplæringsløpet. Tiltaket er med å førebygge spesialundervisning seinare. Som ein del av innføring av lærarnorm vert midlane omdisponert frå hausten 2018. Slik det ser ut i dag vert det bortfall av inntektene frå august 2018 for Radøy sin del.

### Spesialundervisning

I skuleåret 16/17 var det 66 elevar, eller 10,65% som fekk spesialpedagogisk hjelp på dei 5 skulane i kommunen. Skuleåret 17/18 er dette talet auka til 72 elevar eller 12%. Det er viktig at elevar som ikkje har tilfredstillande utbyte av ordinær opplæring får målretta hjelp. Dette må likevel sjåast i samanheng med korleis ein kan få mest mogeleg hjelp i ordinær klasse. Skuleleiarane arbeider målretta for at elevane skal ha best mogeleg læring.

Det er viktig å få fram at ein ønskjer at elevane skal få god hjelp tidleg, slik at dei er funksjonelle lesarar. Vi veit at lesing er den viktigaste grunnleggjande dugleiken som dei treng for å læra dei andre faga.

### Skulefritidsordning – tal elevar

Totalt er det 107 barn i skuleåret 17/18 som får tilbod om SFO. Storleiken på tilbodet varierar frå 8 til 45 barn. SFO er oppteken av balansen mellom barna si fritid og at dei har eit tilbod med leik og utvikling under tilsyn.

### Vidareutdanning for lærar

Radøy kommune har i skuleåret 17/18 fem lærarar på vidareutdanning. Dette er ein del av Utdanningsdirektoratet si satsing «Saman for kvalitet». Målet er at vidareutdanninga skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrkje elevane si læring. Dette er eit positivt tiltak for kvaliteten i skulen.

### Vaksenopplæringa

Radøy kommune kjøper dette tilbodet av Lindås kommune, som har tilbod om både grunnskule for vaksne og norskopplæring for innvandrarar.

Lindås Vaksenopplæring gav norskundervisning til vaksne innvandrarar heimehøyrande i Radøy kommune og grunnskuleundervisning for vaksne i lokaler i Knarvik senter skuleåret 16/17.

Inneverande år er dei flytta til «det blå bygget» - eller GECO-bygget.

Lindås Vaksenopplæring gjev tilbod til alle innvandrarar busett i Lindås, Meland og Radøy. Elevar frå andre kommunar enn desse tre, får tilbod dersom kommunen dei bur i ikkje kan gje tilsvarende tilbod. Deltakarar (busett i andre kommunar) kan velje å gå på skule i Knarvik, om dei sjølv betaler for undervisninga uavhengig av rettigheit.

Lindås vaksenopplæring har både dag- og kveldsundervisning.

### Grunnskuleopplæring for vaksne

Personar over 16 år som ikkje har fullført grunnskule, tilsvarende 10-årig norsk grunnskule, har rett på gratis grunnskuleopplæring.

Elevane har 30 skuletimar i veka, og dei har opplæring i 5 fag (norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag). Målet er å gjennomføre ungdomsskulepensum på to år.

Undervisninga er tilpassa forkunnskapen til elevane, som kan variera frå analfabet til god almennkunnskap, men manglande norskkunnskapar. Det er derfor to løp:

Førebunde grunnskule er opplæring med pensum frå barnetrinnet. Dei får ofte opplæring i engelsk, matematikk og ikt i kombinasjon med norskopplæring.

Eksamensretta grunnskule: eit løp på to år med faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag (ungdomsskulepensum). Dei tek grunnskuleeksamen og får vitnemål.

### Norskopplæring for voksne innvandrere

Voksne innvandrere er delt i to grupper i forhold til norskopplæring. Den eine gruppe er flyktninger i introduksjonsprogram og innvandrere som får familiegjenforening med norske statsborgere. De har rett og plikt til opplæring:

Plikta er på 550 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap. Dei kan ha rett på inntil 3000 timar ved behov.

Den andre gruppe er personar som kjem til Noreg fordi dei har arbeid her. Desse har plikt til 250 timar norsk og 50 timar samfunnskunnskap

Arbeidsinnvandrere frå EU-land må betale for norskopplæringa sjølv. Tabellen under viser kor mange som er busett i Radøy som har nytta tilbodet siste 3 år.

Type opplæring	Vår 2016		Haust 2016		Vår 2017	
	Norsk	Grunnskule	Norsk	Grunnskule	Norsk	Grunnskule
Tal		6	71	8	54	7

### Avslutningsord

Tilstandsrapporten må sjåast på som ei løypemelding inn mot det utviklingsarbeidet som kommunen har sett i gang langs La linea. Kvalitetsmeldinga vart godkjent ultimo april 2011.

Tala er på ein del område springande i løpet av perioden, med merkbare endringar frå år til år. Vi har gjort elevundersøkinga obligatorisk for alle elevar i kommunen frå 5. - 10. trinn kvart år, for å få eit breiare vurderingsgrunnlag. Pr i dag er elevundersøkinga berre obligatorisk for 7. og 10. årstrinn i alle kommunar, medan det er valfritt å ta med dei andre trinna frå 5. - 10. trinn.

Når ein jobber med kvalitetsutvikling i skulen, vil det vere viktig å analysere data og resultat på ein grundig og systematisk måte, både kommunen sett under eitt og på kvar einskild skule. I den vidare prosessen med rapporten er følgjande spørsmål viktige å avklare:

- Kan resultatane forklarast med utgangspunkt i måten vi jobbar på?
- Kan resultatane forklarast med utgangspunkt i det vi ikkje gjer?
- Korleis kan føresette, politikarar og tilsette saman løfte resultatane i skulen?

### Betere resultat i Radøyskulen i framtida handlar om:

- Systematisk, metodisk, grundig og planlagt arbeid over tid.
- Tydelege og realistiske forventningar til elevar, føresette og tilsette i skulane.
- Tiltak basert på tilgjengelege data, forskning, kunnskap og evidens.
- Systemiske prosessar i lærande organisasjonar.
- Kommunikasjon og tillit
- Godt leiarskap

I det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling i Radøy-skulen ser ein for seg 3 fokusområde:



- Grunnleggjande dugleik innanfor lesing
- Gode læringsmiljø for alle
- Innføring av ny læreplan for grunnopplæringa

### **Konklusjon**

Det er positive tendensar i satsinga på læringsmiljø. Elevane rapporterer at det er god trivsel og elevane har det bra på skulane i Radøy. Når det gjeld læringsresultat ser vi at vi kan og bør gjere det betre innanfor lesekompetanse for elevane. Denne kompetansen er grunnlaget for vidare læring i dei fleste faga. Gutane i Radøy-skulen er den gruppa som ein må løfte i det vidare arbeidet. Det er for stor forskjell i resultatata gutar og jenter går ut av grunnskulen med.

Det er viktig å sjå på dei årlege tilstandsrapportane som løypemeldingar langs det langsiktige perspektivet. Dersom vi lukkast godt med det systematiske arbeidet, skal implementering av tiltaka gradvis gje ei langtidsverkande positiv utvikling for borna i Radøy.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek Tilstandsrapport for grunnskulen i Radøy 2017 til orientering

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	16/162	18/3674

### **Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - politisk innspel til planarbeidet og avgjerd om å hente inn tilbud på strandsoneanalyse og geologisk undersøking**

#### **Saksopplysingar:**

#### **Bakgrunn**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama i møte 07.03.18 sak 016/2018 *Delingssak gbnr 24/11 Bø – to nye grunneigedomar for heilårsbustad – 2. gongs handsaming*. Hovudutvalet gjorde negativt vedtak i dispensasjonssaka, men følgjande går fram av hovudutvalet si sakshandsaming:

Hovudutvalet meiner at omsøkt areal er ein naturleg del av det som er og vert eit sentrumsområde i Bøvågen, og at området er godt eigna som utbyggingsområde. Det er viktig å få til fortetting i sentrum av tettstaden Bøvågen er tett ved barnehage, skule, kyrkje, forretning og kaiområde m/småbåthamn. Fortetting er i samsvar med gjeldande generell arealpolitikk, og det vert vist til at Bøvågen er peika ut som eit nærsenter i nye Alver kommune.

Hovudutvalet ber difor administrasjonen og formannskapet - som styringsgruppe for Kommunedelplan Bø, arbeida for at omsøkt område vert lagt inn som utbyggingsområde i kommunedelplanen, og at byggegrense mot sjø vert justert for å få dette til. Hovudutvalet ber også om at den funksjonelle strandsoneanalysen som skal vera til hjelp i planarbeidet, får ein ny gjennomgang ved at det vert gjort synfaringar ute i terrenget.

Når det gjeldt kuleleire, så bør dette gjennomgåast også. då kuleleire <sup>druseg</sup> ligg 200m i den sør/ausbre delen av gnr 24/37

Saka vert oversendt rådmannen og styringsgruppa for vidare oppfølging.


Hovudutvalet ber om at rådmannen og styringsgruppa tek innspelet vidare, og saka vert difor lagt fram for formannskapet som styringsgruppe for Kommunedelplan for Bø.

### Vurdering

Det politiske innspelet frå hovudutvalet får konsekvensar for det vidare arbeidet med Kommunedelplan for Bø, både tidsmessig og økonomisk, og det er difor naudsynt at styringsgruppa tek stilling til innspelet før rådmannen set i verk arbeidet.


### Endring av arealføremål og justering av byggegrense mot sjø

Rådmannen legg til grunn at hovudutvalet ynskjer at to konkrete areal på eigedomen gbnr 24/11 skal leggjast inn i Kommunedelplan for Bø med arealføremål bustad (tomt 1 og tomt2).



*Utsnitt frå situasjonsplan i delingssøknaden*

I framlegg til Kommunedelplan for Bø som har vore på 1. gongs høring og offentleg ettersyn ligg arealet med arealføremål LNF og i konflikt med byggegrense mot sjø.



Uttsnitt frå framlegg til Kommunedelplan for Bø

Det vil såleis vere naudsynt både å endre arealføremål i planframlegget frå LNF til byggeområde for bustad, og flytte byggegrense mot sjø.

Det må leggjast til grunn at endringa vil krevje 2. gongs høyring.

#### Ny vurdering av funksjonell strandsone

Hovudutvalet ber om at «den funksjonelle strandsoneanalysen som skal vere til hjelp i planarbeidet, får ein ny gjennomgang ved at det vert gjort synfaringar ute i terrenget».

Strandsoneanalysen er som kjent gjennomført av Asplan Viak. Asplan Viak sitt arbeid er avslutta og det ligg føre endeleg rapport.

Om styringsgruppa ynskjer å gjere ei ny vurdering av funksjonell strandsone må det hentast inn tilbod på eit nytt arbeid. Rådmannen oppfattar at det er konkrete områder hovudutvalet ynskjer at skal vurderast på nytt gjennom synfaring i terrenget, men det går ikkje fram av hovudutvalet si handsaming kva områder det gjeld. Før arbeidet kan lysast ut må rådmannen få ei konkret bestilling på kva område som skal vurderast gjennom synfaringar, slik at omfanget av arbeidet kan avgrensast av omsyn både til tid og kostnad.


#### Geologiske undersøkingar og KU for tema leireskred

Hovudutvalet ber vidare om at «når det gjeld kvikkleire, så bør dette gjennomgåast også då kvikkleira

*truleg ligg 200 m i den sør/austre delen av gbnr 24/37».*

I framlegg til kommunedelplan for Bø er faren for leireskred løyst gjennom at det er lagt inn eit føresegningsområde der tiltak ikkje kan utførast utan at det på førehand er gjennomført grunnundersøkingar, jf. framlegg til føresegner pkt. 2.15:

*Innafor føresegningsområde H\_BE8\_01 er det leiregrunn som kan gje fare for leireskred. Det kan ikkje førast opp nye bygg og infrastrukturtiltak i området før det ligg føre geologisk rapport for leireskredområde.*



*Fareområde for skred merka med blå line*

Den sør/austre delen av gbnr 24/37 ligg innafor føresegningsområde. Det er noko uklart for rådmannen kva hovudutvalet her meiner, men rådmannen legg til grunn at hovudutvalet ynskjer at leireproblematikken skal avklarast på kommuneplannivå.

Det må i så tilfelle gjennomførast geologiske undersøkingar og utarbeidast konsekvensutgreing for tema leireskred. Det må hentast inn tilbud på arbeidet med geologiske undersøkingar og KU for tema

leireskred.

## **Konklusjon**

Det er styringsgruppa som må ta stilling til det politiske innspelet til Kommunedelplan for Bø. Rådmannen legg difor saka fram for styringsgruppa til handsaming utan framlegg til vedtak.

Styringsgruppa må ta stilling til følgjande:

1. Om det skal hentast inn tilbod på arbeid med funksjonell strandsoneanalyse med synfaring for einkilde område. I så tilfelle må styringsgruppa peike ut dei aktuelle områda.
2. Om det skal hentast inn tilbod på arbeid med geologisk undersøkingar og KU for det potensielle leireområdet.
3. Om arealføremål for del av eigedomen gbnr 24/11 skal endrast frå LNF til byggeområde for bustad og om byggegrense mot sjø for det same arealet skal flyttast. Styringsgruppa må i så tilfelle gje anvisning på føremålsgrense og byggegrense.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	17/1095	18/2926

### Bil til Radøy brannvern

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I verbalpunkt i budsjettet for 2018 heiter det:

*«I mange ulukkestilhøve veit vi at kvart minutt er svært viktig for om mogleg redda liv og helse. Det er difor svært viktig at vakthavande befal i brannvernet har bil med seg heim, med eit minimum av førstehjelpsutstyr (hjartestartar m.m.), som såleis kan koma raskt på plass, medan ein ventar på brannbil med mannskap. Radøy manglar i dag «first responderbil». Kommunestyret ber om at det snarast vert sett på dagens ordning. Formannskapet får fullmakt til å gjera vedtak i saka med inndekking av eventuell investering.»*

Radøy brannvern består av deltidsmannskap, samt brannsjef i 50 % stilling. Når alarmen går, møter tilgjengeleg brannmannskap på brannstasjonen på Manger. Utrykning skjer normalt ved bruk av brannbilen, som fraktar med seg naudsynt mannskap til ulykkesstaden, så snart desse er samla. Brannvernet opplever for tida ein reduksjon i talet på brannmannskap som er tilgjengeleg til å rykke ut på akutte hendingar på dagtid. Dette skuldast m.a. at arbeidsplassar vert flytta frå Manger-området.

Brannvernet rykker ut på ulike typar oppdrag, og berre i eit fåtal av utrykkingane handlar det om brann. Oftare er det utrykning til ulike typar ulykker og helseoppdrag (såkalla «first-responder»-oppdrag). I slike situasjonar utfører brannvernet livreddande førstehjelp eller stabiliserer den forulykka til helsepersonell kjem, og det er viktig å kome raskt til skadestaden.

Det er henta inn fleire tilbod på slik bil med tilpassingar og utstyr, og kostnaden ligg på ca 450 000 inkl. mva. Det er ikkje henta inn tilbod på leasing av bil, men brannsjefen har fått opplyst at kostnaden ligg på ca kr 50 000 pr år for tilsvarande bil i andre kommunar. Det er ikkje sett av midlar til innkjøp eller leasing av bil i budsjettet for brannvernet for 2018.

#### Vurdering



Ved kritiske hendinger som vert meldt til brannvernet, er det om og gjere å kome fram til skadestaden så snart som råd. Sjølv om dagens brannordning i Radøy skal tilfredstille krav til utrykkingstid, kan likevel minuttar vere avgjerande for utfall. Ved innkjøp av ein såkalla kommandobil (first responder-bil) som følgjer brannsjef/vakthavande, vil desse kunne rykke direkte ut til skadestad utan å måtte ta turen innom brannstasjonen på Manger. På den måten vil innkjøp av kommandobil bidra til raskare mobilisering på skadestad. Som følgje av at det er færre brannmannskap tilgjengeleg på dagtid enn kva tilfellet var tidlegare, er det ein føresetnad at det er avklart at det ved behov er mannskap tilgjengeleg som kan køyre brannbil/tankbil, før ein vakthavande/brannsjef køyrer direkte til skadestaden.

Ved «first-responder»-oppdrag vil innkjøp av kommandobil legge til rette for at brannvernet kan vere raskare framme på ulykkesstaden og starte livreddande førstehjelp medan ein venter på helsepersonell. Ved brann og ulykker vil ein såkalla kommandobil gi raskare tilgang til skadestad og på den måten bidra til at ein kan få raskare oversikt over situasjonen, starte planlegging av redningsaksjon og informere øvrige naudetater om kva ressursar som trengs. Ved ulykker i vatn/sjø, vil bilen kunne trekke med seg hengar til overflateredningsutstyr.

Mulegheitsstudien *Etablering av en felles regional brann- og redningstjeneste i Nordhordland* legg til grunn at det vil vere behov for brannstasjon på Manger også etter etablering av Alver kommune, og samanslåing med Lindås, Meland og Modalen redning. Behovet for kommandobil på Manger vert derfor ikkje endra ved samanslåinga, og har eit relativt langsiktig perspektiv som talar for kjøp framfor leasing.

## **Konklusjon**

Det er rådmannen si vurdering at kjøp av kommandobil vil bidra til å styrke beredskapen i Radøy kommune, og rådmannen rår til at det vert kjøpt kommandobil til Radøy brannvern. Innkjøp vert finansiert over disposisjonsfondet.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kjøp av kommandobil til Radøy brannvern vert gjennomført i første halvdel av 2018.
2. Kjøp av kommandobil vert finansiert over disposisjonsfondet.

## **Vedlegg:**

Vedkomande utrykningskjøretøy

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2018	Formannskapet i Radøy	PS	15.03.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/457	18/2925

## Meldingar og referatsaker

### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker

- a. Regionrådet Nordhordland – protokoll møte 31. januar 2018
- b. Forskrift om samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy – Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- c. Kirkens SOS Bjørgvin – søknad om tilskot
- d. Kirkens SOS – årsmelding 2017
- e. Status for oppfølging av ulovlege tiltak - orientering
- f. Status delrevisjon av kommuneplan - orientering
- g. Reguleringsplan Manger sentrum
- h. Økonomisk resultat 2017 - orientering

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

### Vedlegg:

Regionrådet Nordhordland \_ protokoll 31\_januar 2018

Forskrift om samanslåing av Lindås, Meland og Radøy kommun(1)

Forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune(1)

Kirkens SOS \_ søknad om tilskot

Kirkens SOS \_ Årsmelding 2017(161546)

